



**Seljord kommune**

Næring og utvikling

Arkivkode: K40  
Sakshand.: Torunn Raffevold Rue  
Dir.tlf.:  
Vår ref.: 2019/407- 2  
Dato: 04.04.2019

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
«KONTAKT»

## Høring - Kommunale målsettingar for hjorteviltforvaltinga i Seljord kommune 2019-2021

Vedlegget med utkast til målsettingar for hjorteviltforvaltinga er utarbeidd ved at administrasjonen laga eit første-utkast og gjekk gjennom deler av dette saman med dei fire storvaldsleiarane i Seljord 20.mars 2019. Administrasjonen omarbeidde dokumentet noko før det no blir sendt på brei høyring, sjå adresselista. Det er i tråd med forskrifta der det heiter at dei kommunale måla skal utviklast i tett dialog m.a. med rettshavarar. Administrasjonen hadde også ein presentasjon i planutvalsmøtet 13.mars 2019 for å informere utvalet om saka og saksgangen. **Høyringsfristen er 5.mai 2019. Send svar til: [post@seljord.kommune.no](mailto:post@seljord.kommune.no)** Vi håpar at mange gjev innspel til dette utkastet. Kommunale målsettingar vert etter planen vedtekne i Plan, miljø og teknisk utval (planutvalet) på siste møtet deira før sommaren (12.juni 2019). Vi er heilt klar over at dette skulle vore gjort litt tidlegare i vinter, men det let seg av ulike årsakar ikkje gjere. Tidsplanen er avklart både med storvaldsleiarane, planutvalet og Telemark fylkeskommune. Det er viktig å ta med seg at måla ikkje er statiske, men skal helst rullerast før ny periode med bestandsplanar.

Den enkelte bestandsplanen vert handsama som delegert sak av administrasjonen så snart som råd etter at dei kommunale målsettingane er vedtekne og sendt ut til storvaldsleiarane. Valda som lagar bestandsplanar, må utforme desse i samsvar med dei vedtekne kommunale måla. Når perioden 2019-2021 er over, skal ein evaluere for å finne ut om ein har nådd dei måla ein set seg.

Til orientering så skal det gjennomførast elgbeitetaksering i Vestfold og Telemark. Det er Vestfold og Telemark fylkeskommune som er oppdragsgjevar for prosjektet, og alle kostnadene til dette vert dekkja av fylkeskommunen. Gjennom anbuds konkurranse har Faun Naturforvaltning AS i Fyresdal fått oppdraget med å gjennomføre prosjektet med planlegging, gjennomføring av feltarbeid og rapportering. Rapporten skal leverast 1.september 2019. Resultatet av denne takseringa er altså ikkje klar før hausten 2019. Skulle det vise seg at dette resultatet har påverknad på bestandsplanane til valda i Seljord, er det ikkje verre enn at ein vurderer dette i 2020 og lagar reviderte bestandsplanar då.

Med venleg helsing

Torunn Raffevold Rue

Natur- og Miljørådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- 1 Høyringsutkast - kommunale målsettingar for hjorteviltforvaltinga i Seljord kommune 2019-2021
- 2 Adresseliste til mottakarar av høyringsutkastet